



Majo Eigedom AS  
Lindåsvegen 154  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8125 - 23/35962

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
09.05.2023

## Ferdigattest for tomannsbustad med adresse Leknesvegen 237 A og B - gbnr 196/30 Midtgård

**Administrativt vedtak:** Saknr: 483/23  
**Tiltakshavar:** Majo Eigedom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Majo Eigedom AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tomannsbustad med adresse Leknesvegen 237 A og B på gbnr 196/30/0/7 og 196/30/0/8.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 27.10.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 27.04.2023.

### Skildring

Bygningstiltak:	Tomannsbustad	
Adresse:	Leknesvegen 237 A	Leknesvegen 237 B
Bygningsnummer:	300956245	300956230
Bruksareal:	120 m <sup>2</sup>	120 m <sup>2</sup>
Avløp:	Kommunalt	Kommunalt

Vatn:	Kommunalt	Kommunalt
Tal på røykløp:	1	1

### Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8125

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Majo Egedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ